



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 02.09.2019
Tidspunkt: 14:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved å ringa til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Brigt Olav Gåsdal
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 27/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 28/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 29/19	Forvaltningsrevisjon av innkj�p - handlingsplan		2017/107
PS 30/19	Forvaltningsrevisjon av tilpassa oppl�ring og spesialundervisning - statusmelding ved Deloitte		2019/9
PS 31/19	Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2020		2016/37
PS 32/19	Gjennomgang av m�teprotokollar fr� andre politiske utval		2015/133
PS 33/19	Referatsaker		
RS 5/19	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 6/19	Avslutning av tilsyn - barnehageomr. - tilrettel. tilbud til barn m nedsett funksjonsevne		2015/135
RS 7/19	19/4839 Melding om politisk vedtak - Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om � starta prosess med konkurranseutsetjing		2014/238
RS 8/19	Budsjettbrev 2019		2016/38
RS 9/19	Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon juni 2019		2019/28
PS 34/19	Eventuelt		

PS 27/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 28/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2017/107-16
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	29/19	02.09.2019

Forvaltningsrevisjon av innkjøp - handlingsplan

Bakgrunn

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak** i sak PS 033/2018 i møte den 13.09.2018;

«Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen
2. Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og egne rutinar
3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen
4. Oppdatere rutinar og retningsliner for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk
5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jf. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette;
 - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket
 - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa
 - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
 - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
 - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Drøfting

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon, vert følgd opp. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» §12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står;

«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er fulgt opp på en tilfredsstillende måte»

Kontrollutvalet handsama handlingsplan fyrste gong i møte 03.12.2018 PS 38/18, der dette mellom anna vart protokollert:

«Rådmannen orienterte om handlingsplanen og svarte på spørsmål frå utvalet.

Dette kom mellom anna fram i orienteringa;

- *Delegasjonsreglementet og Innkjøpsreglementet er på plass*
- *Det er pr. i dag ikkje tilstrekkeleg ressurser til å handtere dette, men kommunen skal overføre ein ressurs frå HR, som blant anna skal jobbe med dette. Tek sikte på at ny ressurs er på plass fyrste halvår 2019.*
- *Ca.10 ansatte frå administrasjonen har vore på kurs som ledd i å auke innkjøpskompetansen i kommunen.»*

Sekretariatet har motteke ny tilbakemelding frå rådmannen 20.08.2019 kor det kjem fram at alle dei 7 punkta i handlingsplanen er gjennomførde. Sekretariatet registrerer at kommunen har kome noko lenger frå sist handlingsplanen var til handsaming, blant anna ved at det er tilsett ein jurist som har fått eit overordna ansvar for innkjøp. Det er særleg punkt 5 i tilbakemeldinga som står att: *«Rutiner og retningslinjer ligg normalt på intranettet vårt, dette er no ute av drift men skal erstattast med nytt intranett no i haust.»* Om det kjem fram ytterlegare opplysningar frå rådmannen i møtet, som gjer at utvalet seier seg nøgd med saka og vil lukke denne, kan utvalet og gjere det.

Konklusjon

På bakgrunn av det som kjem fram i svarbrevet frå rådmannen, og relatert til punkt 5, vert det vurdert å be om ei ny tilbakemelding.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet gjeldande forvaltningsrevisjonen innan innkjøp, i form av skriftleg tilbakemelding, innan 20.11.2019.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Svarbrev frå rådmann gjeldande handlingsplan for forvaltningsrevisjon innkjøp



Sekretariat for kontrollutvalet
v/Helge Inge Johansen

Vår referanse:
18/1154/19/6398/4/CH

Arkivkode:
FE-601

Dykkar referanse:
Helge Inge Johansen

Dato:
20.08.2019

Status vedr. revisjon på innkjøp

Me stadfester med dette at Samnanger kommune har motteke brevet ditt datert 16.08.2019

Tilbakemelding vedr. sak PS 38/18.

Alle dei 7 punktene KS vedtok i sak PS 033/2018 er gjennomførde.

1. Fullmactsstrukturen er i samsvar med gjeldande regelverk og tilpassa dagens organisasjon. Delegeringsreglementet er revidert og innkjøpsreglementet er oppdatert.
2. Me har ansatt jurist som vil ha eit overordna ansvar på innkjøp, han starta rett før ferien.
3. Me har hatt kurs i innkjøp med ekstrern kurshaldar. I tillegg bistår Odin Prosjekt med spesialkompetanse på området når me meiner det er nødvendig.
4. Me har oppdatert innkjøpsreglementet vårt nylig.
5. Rutiner og retningslinjer ligg normalt på intranettet vårt, dette er no ute av drift men skal erstattast med nytt intranett no i haust.
6. Det er etablert og tatt i bruk eit elektronisk system for anbodsprosessar.
7. Me gjennomfører no innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk.

Med helsing

Charlotte Hageberg
rådmann

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 217
Arkivnr: 2019/9-3
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	30/19	02.09.2019

Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - statusmelding ved Deloitte

1.Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i møte 04.02.2019, sak PS 7/19:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timerressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 290 timar, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Samnanger kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskjeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 01.10.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Av den føreslåtte prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen er:

«Føremålet med forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje i kva grad elevane ved grunnskulane i Samnanger kommune får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader, og om det er etablert gode system for samarbeid mellom skulane og PPT. Vidare er det eit føremål å undersøke om det er etablert tilstrekkelege system og rutinar for å vurdere eventuelle behov for spesialundervisning og for å sikre at gjennomføringa av spesialundervisning blir planlagt og følgt opp i samsvar med vedtak og krav i regelverket.»

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- 1) **I kva grad er det etablert system og rutinar som bidrar til å sikre at elevar i grunnskulane i Samnanger kommune får ei opplæring som er tilpassa deira evner og føresetnader?** Under dette:
 - a) I kva grad meiner undervisningspersonalet ved grunnskulane i Samnanger kommune at dei klarer å gi ei opplæring som er tilpassa dei einstilte elevane sine evner og føresetnader?
 - b) I kva grad sikrar kommunen at det som del av undervegsvurderinga for den einstilte elev blir vurdert om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?
 - c) I kva grad blir det vurdert og eventuelt prøvd ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet i tilfelle der det er tvil om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa?
 - d) I kva grad er det etablert system for å sikre at opplæringsloven sine krav til tidleg innsats på 1 til 4. trinn blir etterlevd?
 - e) I kva grad har Samnanger kommune etablert føremålstenlege rutinar for overgangar (mellom barnehagar og barneskulen og mellom barneskulen og ungdomsskulen) som bidrar til å sikre god kontinuitet og best mogleg tilpassa opplæring også i overgangane?
- 2) **I kva grad er det etablert føremålstenlege system og rutinar for samhandling mellom skulane og PPT?** Under dette:
 - a) Er det etablert føremålstenlege system for å sikre at pedagogisk- psykologisk teneste (PPT) hjelper grunnskulane i Samnanger kommune i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov, jf. oppl. § 5-6?
 - b) Er det etablert føremålstenlege system for samhandling mellom skulane og PPT i tilfelle der skolen meiner at ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av ordinær opplæring?
- 3) **I kva grad er sakshandsaminga i samband med vurdering av behov for spesialundervisning i samsvar med sentrale krav i opplæringslova og forvaltningslova?** Under dette:
 - a) Er det etablert føremålstenlege retningslinjer og rutinar som sikrar at krav i regelverket blir etterlevd?
 - b) I kva grad er den faktiske sakshandsaminga i samsvar med krav i regelverket når det gjeld til sakshandsamingstid, og innhald i enkeltvedtak?
- 4) **Blir gjennomføring av spesialundervisning planlagt og følgt opp på ein føremålstenleg måte og i samsvar med krav i regelverket?** Under dette:
 - a) Har kommunen og skulane tilgang på naudsynt kompetanse for å følgje opp anbefalingar i sakkunnig vurdering og ev. kompetansekrav i enkeltvedtak?
 - b) Blir det utarbeidd individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som har enkeltvedtak om spesialundervisning?
 - c) Er det etablert system for å sikre at spesialundervisning blir gjennomført i samsvar med det som går fram av enkeltvedtaket?
 - d) Blir det årleg utarbeidd ei skriftleg oversikt over og vurdering av den spesialundervisninga som har blitt gitt til kvar einstilt elev som har enkeltvedtak om spesialundervisning?

2.Drøfting

I dette møte vil Deloitte orientere om status og framdrift så langt i prosjektet.

3.Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar, vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 151
Arkivnr: 2016/37-76
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	31/19	02.09.2019

Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2020

Bakgrunn

Stortinget har vedteke ny kommunelov 22.06.2018 og den skal i hovudsak tre i kraft frå konstituerande møte i kommunestyret for valgperioden 2019 – 2023. På bakgrunn av denne vedtok KMD 17.06.2019 ny forskrift om kontrollutvalg og revisjon som i sin heilheit skal tre i kraft frå konstituerande møte i ny valperiode.

Av denne kjem det fram dette av § 2 Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Drøfting

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I budsjettframlegget er revisjonskostnader delt på to postar. Ein post for kostnader med rekneskapsrevisjon og ein post for oppdrag bestilt av kontrollutvalet ut frå godkjende planar.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtetegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

Kontrollutvalget skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida ein plan som syner på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjoner, jf. ny kommunelov § 23-3. Denne skal baserast på ei risiko- og

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

vesentligheitsvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap. Videre skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeida plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast, jf. ny kommunelov § 23-4. Denne skal baserast på ei risiko- og vesentligheitsvurdering av kommunen si eigarskap. Det normale er at kontrollutvalet får bistand frå revisor i dette arbeidet og det bør difor setjast av ekstra ressursar til å få gjennomført dette arbeidet i 2020, som er fyrste året i ny valperiode.

Det er vanleg at medlemmane i kontrollutvalet deltek på folkevaldopplæringa spesielt retta mot arbeidet i kontrollutvalet i starten av det fyrste året i ny valperiode. Sekretariat for kontrollutvalet har planlagt ei slik samling i februar 2020 og det er lagt inn kostnader som kan dekke dette.

Pris for sekretariatstenesten for kontrollutvalget er konsumprisregulert og lagt inn i tråd med avtale mellom Samnanger kommune og Hordaland fylkeskommune.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegget til budsjett. Budsjettframlegget skal så følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Samnanger kommune.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2020.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Budsjettforslag 2020 for KU i Samnanger kommune

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Samnanger kommune for 2020

Konto	Tekst	Budsjett 2018	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2019
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 10 000	kr -	kr 10 000	kr 10 000
10803	Møtegodtgjering	kr 28 900	kr 40 576	kr 47 816	kr 49 384
	Delsum	kr 38 900	kr 40 576	kr 57 816	kr 59 384
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 5 485	kr 5 724	kr 8 152	kr 8 373
	Delsum	kr 44 385	kr 46 300	kr 65 968	kr 67 757
11001	Faglitteratur / abonnement	kr 500	kr 425	kr 425	kr 425
11150	Matvarer/møtemat	kr 2 000	kr 2 291	kr 2 000	kr 2 000
11400	Kunngjøringar	kr 1 200	kr 886	kr 1 200	kr 1 200
11501	Kurs/opplæring	kr 10 000	kr 16 349	kr 10 000	kr 10 000
11501	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr 16 000	kr -	kr -	kr 20 000
11600	Skyss- og kostgodtgjering	kr 5 000	kr 3 396	kr 5 000	kr 5 000
11950	Kontingentar	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500
12700	Kons.tenester revisjon rekneskap	kr 158 255	kr 155 275	kr 163 952	kr 167 067
12700	Kons.tenester revisjon forv.rev./eiersk.ktr.	kr 257 275	kr 266 084	kr 349 059	kr 355 692
12700	Planarbeid	kr -	kr -	kr -	kr 165 900
13300	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 135 000	kr 114 515	kr 138 750	kr 140 600
	Delsum	kr 588 730	kr 562 721	kr 673 886	kr 871 384
14290	Meirverdiavgift	kr 128 430	kr 144 650	kr 166 247	kr 215 621
17290	Moms-kompensasjon	kr -128 430	kr -144 650	kr -166 247	kr -215 621
	Total budsjettramme	kr 633 115	kr 609 021	kr 739 854	kr 939 141



Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Arkivsak: 033
Arkivnr: 2015/133-22
Sakshandsamar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Samnanger kommune	32/19	02.09.2019

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Samnanger kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Brigt Olav Gåsdal
Formannskapet	Øystein Foss
Naturutvalet	Svein Verner Røseth

I tråd med fordelinga ber ein om at utvalsmedlemane ser gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå.

Til dette møtet vil det vera aktuelt med gjennomgang av desse møteinnkallingane / protokollane:

- Kommunestyret 03.06.2019
- Formannskapet 23.05.2019
- Naturutvalet 28.05.2019

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Mobil - E-postadresse: helge.inge.johansen@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

PS 33/19 Referatsaker



Til Kontrollutvalet

UTVALET SITT KVARTER:

Kontrollutvalet ønskjer å ha «utvalet sitt kvarter» som fast post på saklista i sine møter. Dersom det vert teke opp saker som krev nærmare undersøking / innhenting av opplysningar, ber ein om at saka vert meldt inn på førehand til styreleiar og sekretariatet. Ellers kan medlemmane som tek opp saker be om at spørsmålet som vert reist vert undersøkt nærmare til neste møte.

Følgjande spørsmål / saker vart reist i dette møtet:



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Line Sperre, 5557 2085

Vår dato
06.03.2018
Dykkar dato
14.12.2017

Vår referanse
2017/8825 611
Dykkar referanse

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Avslutning av tilsyn - Samnanger - Barnehagelova § 19 g

Fylkesmannen i Hordaland viser til gjennomført tilsyn på barnehageområdet, med tema tilrettelagt tilbud til barn med nedsett funksjonsevne. Vi viser også til tilbakemelding frå Samnanger kommune om korleis brot på regelverket, slik det gjekk fram av tilsynsrapporten, er retta opp.

Etter endeleg tilsynsrapport skulle Samnanger kommune sørge for at det blir fatta enkeltvedtak etter bhl. § 19 g. Fylkesmannen ser at det i kommunen si sakshandsaming har vore samanblanding av spesialpedagogisk hjelp *vedtatt* for eit enkelt barn, og styrking av barnehagen *knytt* til eit enkeltbarn. Etter nye bhl. § 19 g i barnehagelova skal kommunen no fatte enkeltvedtak når ein barnehage blir tilført midlar for å tilrettelegge for eit enkelt barn.

Fylkesmannen understrekar at det etter nytt regelverk skal vere klart skilje mellom vedtak om spesialpedagogisk hjelp etter bhl. § 19 a, og vedtak om tilrettelegging etter bhl. § 19 g. I dei tilfella både tilrettelegging og spesialpedagogisk hjelp er aktuelt, må kommunen sjå dei to vedtaka i samanheng. Det er viktig at kommunen ser og vurderer barnet sitt totale behov, og at barnet sitt beste er styrande for korleis dette behovet blir dekkja.

Fylkesmannen vurderer at Samnanger kommune sitt nye vedtak etter bhl. § 19 g, datert 14. desember 2017, manglar grunngjeving i samsvar med krav i forvaltningslova §§ 24 og 25.

Som eit minimum må grunngjevinga i eit vedtak etter bhl. § 19 g innehalde følgande vurderingar:

1. Ta konkret stilling til om barnet har nedsett funksjonsevne, og kvifor/kvifor ikkje.
2. Identifisere kva som er til hinder for å ta i bruk barnehageplassen på lik linje med andre barn, og kvifor/kvifor ikkje noko er til hinder.
3. Setje inn tiltak som trengs for å bygge ned desse eventuelle barrierane, og vurdere kvifor desse tiltaka er eigna for det aktuelle barnet.

Etter ei totalvurdering finn vi at det er mest hensiktsmessig å avslutte tilsynet, utan å krevje at kommunen fattar eit nytt vedtak, sjølv om Fylkesmannen vurderer at vedtaket ikkje er i tråd med lova. Dette av omsyn til foreldra og barnet som vedtaket er retta mot, som da ikkje vil motta enda eit nytt vedtak.

Fylkesmannen understrekar at Samnanger kommune i framtida må fatte vedtak etter bhl. § 19 g, som er i tråd med krava til grunngjeving.

Etter dette avsluttar vi tilsynet med Samnanger kommune.

Vi takkar kommunen for godt samarbeid ved gjennomføringa av tilsynet.

Med helsing

Marianne Svege
tilsynsleiar

Line Sperre
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fra: Kontrollutvalet - Postmottak (Postmottak.kontrollutvalet@hfk.no)

Sendt: 11.06.2019 12:37:36

Til: Helge Inge Johansen

Kopi:

Emne: VS: 19/4839 Melding om politisk vedtak - Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om Å¥ starta prosess med konkurranseutsetjing

Vedlegg: Melding om politisk vedtak - Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om Å¥ starta prosess med konkurranseutsetjing.pdf

[Til informasjon og oppfølging.](#)

HH

Fra: Marianne Soleng <marianne.soleng@samnanger.kommune.no>

Sendt: tirsdag 11. juni 2019 10:59

Til: Kontrollutvalet - Postmottak <Postmottak.kontrollutvalet@hfk.no>

Emne: 19/4839 Melding om politisk vedtak - Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om Å¥ starta prosess med konkurranseutsetjing

Sjå vedlagte saksdokument.



Hordaland Fylkeskommune
Helge Inge Johansen
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår referanse:

18/1099/19/4839/29/MS

Arkivkode:

FE-033, TI-&17

Dykkar referanse:

Dato:

11.06.2019

Melding om politisk vedtak - Revisor for kommunen - fullmakt til kontrollutvalet om å starta prosess med konkurranseutsetjing

Kommunestyret- 023/2019, har i møte 03.06.2019 fatta følgjande vedtak:

- Kontrollutvalet får fullmakt til å gjennomføra ny konkurranse for kjøp av revisjonstenester. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2020. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:
- Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdocument.
 - Knytta til seg naudsynt ekstern hjelp.
 - Vurdera mottekne tilbud og innstila overfor kommunestyret på val av revisor.

Med helsing

Marianne Soleng
avdelingsleiar sørvissenteret

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Adresseliste:

Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN

Adresse:

Tyssevegen 217,
5650 Tysse

Kontakt

Tlf:
postmottak@samnanger.komm
une.no
www.samnanger.kommune.no

Sakshandsamar

Direktetelefon: 56 58 74 07
E-post:
marianne.soleng@samnanger.k
ommune.no

Kontonr.

3562 07 00035
Foretaksnr.:
NO 964 968 985



Samnanger kommune,
Tyssevegen 217,
5650 TYSSE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

SAMNANGER KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2019 og økonomiplan, vedteke i kommunestyremøte 13. desember 2018.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentleg gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er i statsbudsjettet lagt opp til ein reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,80 prosent i 2018 til 11,55 prosent i 2019.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr 70,86 mill. i skatt på eige og inntekt for 2019. I dette beløpet inn-går det naturressursskatt med kr 4,27 mill.

I 2018 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 3,8 prosent. Det er i revidert nasjonalbudsjett rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2018 til 2019 med 1,2 prosent.

Kommunen sitt skattenivå i 2018 var 89,7 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføringa til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skatte-nivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2019 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 prosent av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 prosent av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr 156,4 mill.

Inntektsprognosen for 2019 er no oppdatert med endelege innbyggjartal per 01.01.2019 og inn-komen skatt i 2018. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vera innbyggjartal per 01.01. 2019. For innbyggjartilskot og utgiftsutjamninga med aldersfordeling er grunnlaget innbyggjartal per 01.07.2018.



Den siste inntektsprognosen for dei frie inntektene er no kr 155,2 mill. Kommunen har budsjettert med frie inntekter som er kr 1,2 mill. høgare enn den siste prognosen. Kommunen bør vurdere dei frie inntektene nærare og gjennomføra budsjettrevisjon med sikte på at inntektene i budsjettet skal vera realistiske.

Eigedomsskatt

Det er budsjettert med kr 12,4 mill. i eigedomsskatt for 2019. Innkomen eigedomsskatt i 2018 var kr 12,3 mill.

Det vert skrive ut eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Den generelle skattesatsen er sju promille. Satsen er differensiert ved at satsen for bustader og fritidseigedomar er 2,4 promille.

Pris og kostnadsvekst

Den samla pris- og kostnadsveksten i kommunane (kostnadsdeflatoren) er i revidert nasjonal-budsjett 3,0 prosent. I dette inngår pårekna lønsvekst med 3,2 prosent.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vera at år-lege låneavdrag som eit minimum må utgjera om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlings-lån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Vi vil rå kommunen til at dei ordinære avdraga minst er på dette nivået.

Det er budsjettert med kr 8.270.000,- i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga oppfyller det tilrådde minstenivået.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettert med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekkja renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær, bli ført i investeringsrekneskapen.

Det er eit netto driftsoverskot i budsjettet med kr 3,6 mill. Det utgjør 1,7 prosent av driftsinntektene. Det er budsjettert med avsetjing disposisjonsfond med kr 5,3 mill. Dette er planlagt finansiert med netto driftsoverskot og bruk av VAR – fond.

Det er eit netto driftsoverskot i rekneskapen for 2018 med kr 3,1 mill. Det utgjør berre 1,4 prosent av driftsinntektene i 2018. I resultatet inngår ekstraordinær utbetaling frå havbruksfondet med kr 2 ¼ mill. Kommunen hadde ekstraordinære inntekter i 2018 både knytt til utbetalinga frå havbruks-fondet og konsesjonskraft. Utan desse meirinntektene, ville netto driftsresultat berre ha vore om lag lik null. Kommunen sitt ordinære resultat for 2018 må difor bli vurdert som svakt.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1 ¾ prosent for kommunane generelt.

Fylkesmannen si vurdering er at netto driftsoverskot bør vera noko høgare enn 1 ¾ prosent av driftsinntektene for å kunne handtere svvingar i inntektene og for å ha stabilitet i tenestene.

Disposisjonsfondet er kr 7,6 mill. ved utgangen av 2018. Det utgjør berre 3,3 prosent av drifts-inntektene i 2018. Kommunen sitt disposisjonsfond er for lågt. Kommunen bør ha ein større drifts-reserve enn dette. Vi rår kommunen til å opparbeida eit større disposisjonsfond. Fondet bør vera minst kr 13 - 14 mill.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter



I 2019 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 63,7 mill. Den klart største investeringa er i bufellesskap for funksjonshemma med kr 43,3 mill. Denne investeringa vil i hovudsak vera sjølvfinansierande gjennom statleg investeringstilskot og årlege leigeinntekter.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån, kr 47,5 mill. Av dette er ein del unytta lånemidlar. Kommunen hadde kr 16,1 mill. i unytta lånemidlar ved utgangen av 2018. I tillegg er investeringane planlagt finansierte med momskompensasjon, kr 11 ¼ mill. og sal av eigedom kr 3,8 mill. m.m.

Eigenkapitalinnskot KLP, kr 691.000,-, blir i samsvar med økonomireglane finansiert utan lån. Det er finansiert med bruk av ubundne kapitalfond.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld per 31.12.2017 for kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, til kr 87.055,- per innbyggjar. I det talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna. Det til-svarande talet for kommunen var kr 92.168,-.

Kommunane samla i Hordaland, utanom Bergen, har eit gjeldsnivå som ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Landsgjennomsnittet (utanom Oslo) si langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2017 var kr 78.511,- per innbyggjar. Pensjonsforplikting er ikkje medrekna.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2018 er om lag kr 228,9 mill., eller om lag kr 92.921,- per innbyggjar. Det var som nemnd unytta lånemidlar ved utgangen av 2018 med kr 16,1 mill.

Det er viktig at kommunen dempar investeringane framover. Dei investeringane som blir gjennom-førde, bør primært vera sjølvfinansierande. Det vil til dømes vera avgiftsfinansierte VAR – in-vesteringar og andre heilt nødvendige investeringar i infrastruktur. Kommunen må inntil vidare i hovudsak unngå investeringar som ikkje er sjølvfinansierande.

Dette må sjåast i samanheng med at kommunen allereie har eit høgt gjeldsnivå, har svake netto driftsresultat og at kommunen sitt disposisjonsfond er vesentleg lågare enn det bør vera.

Oppsummering

Kommunen må vurdere dei frie inntektene i budsjettet nærare. Kommunen bør gjennomføra budsjettrevisjon med sikte på at inntektene i budsjettet skal vera realistiske.

Kommunen sitt disposisjonsfond er for lågt. Det er viktig at kommunen opparbeider eit større disposisjonsfond for å ha tilstrekkeleg stor driftsreserve.

Det er viktig at kommunen dempar investeringane framover. Dette må sjåast i samanheng med at kommunen allereie har eit høgt gjeldsnivå, har svake netto driftsresultat og at kommunen sitt disposisjonsfond er vesentleg lågare enn det bør vera.

Med helsing

Lars Sponheim

Nils Erling Yndesdal
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Fra: Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt@fkt.no)

Sendt: 18.06.2019 15:02:45

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: Forum for kontroll og tilsyn - Medlemsinformasjon juni 2019

Vedlegg: image011.emz;FKT_prot_190603.pdf



Kjære medlemmer,

Da er vårsesongen over for FKT. Vi hadde en flott avslutning i Kristiansand der fagkonferansen og årsmøtet ble avholdt. Du finner alle presentasjonene ved å klikke på bilde over.

Været var det ingenting å klage på da vi etter årsmøtet var på båttur med MS Maarten og Øya. Her finner du årsmøtedokumentene: <http://cms.osberget.no/fkt/om-fkt/aarsmoete-2020/tidligere-aarsmoeter>
Protokollen fra styremøte 3. juni er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging) , se også vedlagt. Her finner du også FKTs handlingsplan.



Arendalsuka

FKT vil være i Arendalsuka 13. august kl. 13.30 – 14.30 med eget arrangement! Hvis du har tenkt deg dit, så følg med her: <https://arendalsuka.no/event/view/11019>

Vi har utfordret noen utvalgte politikere med følgende spørsmål : Har de kommunale kontrollutvalgene ressurser, kompetanse og status som utvalget bør ha for at kommunen kan ivareta sitt samfunnsoppdrag? Hvordan kan vi løfte kontrollutvalgenes status? Er det politisk vilje i kommunene til å ta kontrolloppgaven på alvor?



Forberedelser - opplæring av nye kontrollutvalg

Forum for Kontroll og Tilsyn har en arbeidsgruppe i gang som skal lage et opplegg for opplæring av kontrollutvalg.

Dette innebærer at FKT vil kunne tilby pp-presentasjoner som vil inneholde flere temabolker rettet mot utvalgene og et eget kursopplegg for kontrollutvalgsledere – «kontrollutvalgslederskolen».

Vi følger opp med mer info etter sommeren.

FKT er i dialog med KS om opplegget for folkevalgtopplæringen for kommunestyrene. Det er viktig at kontrollutvalgets rolle gis god plass i den generelle folkevalgtopplæringen for kommunestyrene.

Her må vi utfylle hverandre på best mulig måte. Det er viktig at politikerne får god innføring i hvordan egenkontrollen i kommunen skal fungere. Vi følger opp med mer info etter sommeren.

Veileder - Kontrollutvalgets påse-ansvar overfor regnskapsrevisor

Veilederen er ikke helt ferdig og klar til bruk ennå. Vi venter på at forskriften skal bli ferdig for å få gjort de siste justeringene. KMD har lovet at den skal komme «før sommeren».

FKT ønsker alle medlemmer en riktig god sommer!





Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

| www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat



MØTEPROTOKOLL

Møte:	Styremøte
Tid:	3. juni 2019 kl. 12.00 -18.00
Sted:	Clarion Ernst Kristiansand
Deltakere fra styret:	Benedikte Muruvik Vonen, Dag Robertsen, Einar Ulla, Ivar Mork, Roald Breistein og Terje Engvik (vara)
Andre som møtte:	Anne-Karin Femanger Pettersen
Forfall:	Marit Gilleberg
Møteleder:	Benedikte Muruvik Vonen

Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 56/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 57/19	Godkjenning av protokoll fra styremøtet 29. april 2019
SS 58/19	Status KMD-prosjekt - Egenkontroll og tilsyn
SS 59/19	Status arbeidsgruppe – Internkontroll i sekretariatene
SS 60/19	Status arbeidsgruppe – Opplæring av nye kontrollutvalg
SS 61/19	Svar fra J F Bernt ang personvernombud i sekr.
SS 62/19	Status planlegging - Arendalsuka
SS 63/19	Status planlegging - Fagkonferansen 2021, tid og sted/hotell
	Pause
SS 64/19	Fagkonferansen og årsmøtet 2019 – siste forberedelser
SS 65/19	Høringsnotat om forskrift om overgangsbestemmelser til ny kommunelov
SS 66/19	Evalueringsrapport av styrets arbeid
SS 67/19	Referatsaker:
RS 18/19	<i>Evalueringsrapport av sekretariatskonferansen</i>
RS 19/19	<i>Samling 26.4 – Nasjonal tilsynskalender</i>
RS 20/19	<i>Møte 24.5 hos KMD – om den nye forskriften</i>
RS 21/19	<i>Innlegg på KMDs tilsynsseminar 13. 6</i>
SS 68/19	Eventuelt

SS 56/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Behandling i møte:

Det var ikke merknader til sakslisten

Vedtak:

Innkalling og sakliste ble godkjent.

SS 57/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 29. april 2019

Behandling i møte:

Ingen merknader til protokollen fra styremøtet 29. april 2019

Vedtak:

Protokollen fra styremøtet 29. april 2019 ble godkjent.

SS 58/19 STATUS KMD-PROSJEKT – EGENKONTROLL OG TILSYN

Behandling i møte:

Anne-Karin orienterte om status for prosjektet

Vedtak:

Styret tar informasjon om prosjektstatus til orientering

SS 59/19 STATUS ARBEIDSGRUPPE – INTERNKONTROLL I SEKRETARIATENE

Behandling i møte:

Anne-Karin orienterte om arbeidsgruppens arbeid så langt

Vedtak:

Styret tar informasjon om status til orientering

SS 60/19 STATUS ARBEIDSGRUPPE – OPPLÆRING AV NYE KONTROLLUTVALG

Behandling i møte:

Anne-Karin og Roald orienterte om arbeidsgruppens arbeid så langt

Vedtak:

Styret tar informasjon om status til orientering

SS 61/19 SVAR FRA JAN F. BERNT ANGÅENDE PERSONVENOMBUD I SEKRETARIATENE

Behandling i møte:

Anne-Karin redegjorde for bakgrunnen for saken.

Vedtak:

Styret tar professor emeritus Jan F Bernts vurdering av spørsmålet om krav om personvernombud i kontrollutvalgssekretariatene, til orientering. Styret noterer seg at det er hans klare råd at man sørger for etablering av personvernombud for alle kommunale, fylkeskommunale og interkommunale kontrollutvalgssekretariater.

Styret ber generalsekretæren om å kontakte departementet for en avklaring ang. Bernts anbefaling om personvernombud, samt hans vurdering av private sekretariatsløsninger.

SS 62/19 STATUS PLANLEGGING ARENDALSUKA

Behandling i møte:

Anne-Karin og Benedikte redegjorde for hva som er gjort siden styremøtet 29. april. Styret kom med innspill til arrangementet

Vedtak:

Styret slutter seg til at FKT er påmeldt Arendalsuka med eget arrangement som beskrevet her: <https://arendalsuka.no/event/view/11019>

SS 63/19 STATUS PLANLEGGING – FAGKONFERANSEN 2021, TID, STED/HOTELL

Behandling i møte:

Anne-Karin orienterte om innkomne tilbud. Styret diskuterte alternativene og ble enige om ...

Vedtak:

Fagkonferansen 2021 legges til Ålesund, 1.-2. juni.

SS 64/19 FAGKONFERANSE OG ÅRSMØTE 2019 – SISTE FORBEREDELSE

Behandling i møte:

Styret gjennomgikk arbeidslistene

Anne-Karin informerte om at valgnemnda har gjort endringer i innstillingen til valg av styre som vil bli lagt fram på årsmøtet. Kjell Tore Wirum (FIKS) erstatter Bjørn Wikasteen (K-sekretariatet)

Styret ble informert om bakgrunnen for endringen.

Endringen i forslaget fra valgnemnda medfører at styret må endre i sin innstilling til valgnemnd: Berit Pedersen (sekretariatet for kontrollutvalget i Nordland fk.) erstatter Kjell Tore Wirum (FIKS)

Vedtak:

1. Styret tar arbeidsfordelingen i forbindelse med fagkonferansen og årsmøtet til etterretning som avtalt i møtet.
2. Styret fremmer følgende forslag for årsmøtet til valg av medlemmer til valgkomitéen:

Medlemmer:

- Berit Pedersen, rådgiver kontrollutvalget Nordland f. kom (to år)
- Arnar Helgheim, daglig leder, SEKOM-sekretariat (to år)

Varamedlemmer:

- Torill Bakken, daglig leder Kontrollutvalg Fjell IKS (to år)

Leder og nestleder:

- Leder: Frank Willy Djuvik, kontrollutvalsleiar, S. og Fj. f. kom. (ett år)
- Nestleder: Berit Pedersen, rådgiver kontrollutvalget Nordland f. kom. (ett år)

SS 65/19 HØRINGSBREV - FORSKRIFT OM OVERGANGSBESTEMMELSENE TIL NY KOMMUNELOV

Behandling i møte:

Styret gjennomgikk forslaget og sluttet seg til departementets vurdering

Vedtak:

Styret avgir høringssvar som avtalt i møtet

SS 66/19 EVALUERING AV STYRETS ARBEID

Behandling i møte:

Vedtak:

Saken utsettes til styremøtet 14. august

SS 67/19 REFERATSAKER

Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering

- RS 18/19 Evaluering av sekretariatskonferansen*
- RS 19/19 Samling 26.4 – Nasjonal tilsynskalender*
- RS 20/19 Møte 24.5 hos KMD – om den nye forskriften*
- RS 21/19 Innlegg på KMDs tilsynsseminar 13. 6*

SS 68/19 EVENTUELT

Ingen saker

3. juni 2019

Benedikte Muruvik Vonen
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen
generalsekretær

PS 34/19 Eventuelt